

## **UTGREIING AV TRE FØRESPURNADER FRÅ FORMANNSKAPET 11.09.2012**

### **1. Innsparing vedlikeholdskostnader ved reduksjon av tal km kommunal veg:**

Dersom antal km kommunal veg vert redusert med 25 km, frå ca 79 km til ca 54 km, vil det utgjera 32 % reduksjon av veglengda.

I utgangspunktet vil då vedlikehaldsbehovet bli redusert om lag tilsvarende. Basert på budsjettet for 2012, som utgjer kr 2 160 000 inklusiv lønskostnad til knapt 2 årsverk og drift av egne maskiner og utstyr, vert dette kr 690 000.

Dei siste 3 åra har me hatt eit vesentleg overforbruk på vintervedlikehald. Det skuldast i hovudsak at vintrane har vore meir krevjande enn tidlegare, men delvis også auka forventningar/krav frå trafikantane til standard på vedlikehaldet.

Vegvedlikehald har også i fleire år vore ein av få mogelege salderingspostar når me har fått meir bygningsareal å driva og generell kompensasjon for kostnadsauke i budsjettrammesamanheng har vore mindre enn reel auke.

Det kan sjølvsagt bli vintrar der behovet for brøyting og strøing blir mindre enn det me har hatt dei siste åra, men budsjettet må uansett oppjusterast slik at det er høgde for ein gjennomsnittleg vinter. Så kan ein bruka av sommarvedlikehaldskontoen i harde vintrar og tilsvarende ha rom for litt ekstra sommarvedlikehald etter milde vintar.

Når det gjeld standarden på vegane er gjennomsnittet på dei asfalterte vegane i dag nokolunde bra. Det er vegar som sårt treng reasfaltering, men også mange km veg som har fått ny asfalt siste åra. Tar ein utgangspunkt i 50 km asfaltert veg, vil det med reasfaltering med i gjennomsnitt 25 års mellomrom vera behov for rundt kr 750 000 pr år til reasfaltering. Det er midlar som høyrer heime på driftsbudsjettet.

### **KONKLUSJON:**

Kommunen kan spara kr 690 000 ved å leggja ned (som offentleg veg) 25 km veg. Den innsparte summen trengst til å kunna gjennomføra eit absolutt minimumsvedlikehald på resten av vegane. Skal dagens standard på vegane oppretthaldast sommar og vinter, må budsjettramma aukast.

### **2. Kan ein spara noko på å organisera Holdhus og Eikelandsosen vassverk i eit AS:**

Drift av vassverka er i dag ein del av teknisk drift sin organisasjon. Det gjev gevinst ved at me har enkeltpersonar med nødvendig fagkompetanse samstundes som me har ein større organisasjon som trør til når det er naudsynt med større slagkraft.

Det er også gevinstar å henta ved innkjøp av materiell og ved felles bruk av maskiner og utstyr innanfor vårt ansvarsområde.

Ved organisering i eit AS vil ein mista deler av desse gevinstante, samstundes som det medfører noko ekstra kostnader å drifta eit AS.

Eit AS på dette området vil bli svært lite, totalt brukar me i dag 0,8-0,9 årsverk på vassverk fordelt på fagarbeidar og leiar. Det vil vera svært vanskeleg å rekruttera kompetente tilsette i ein så liten organisasjon. I tillegg vil organisasjonen vera sårbar dersom det oppstår akutte hendingar som krev stor innsats.

#### **KONKLUSJON:**

Det ikkje er noko å henta økonomisk på å organisera Holdhus og Eikelandsosen vassverk i eit A/S, samtidig som det blir ein liten og svært sårbar organisasjon.

Når det gjeld ideen om samarbeid mellom kommunen og fellesvassverka om personell med naudsynt kompetanse til drift og vedlikehald, ser teknisk drift svært positivt på ei slik løysing. Det vil både hjelpa fellesvassverka med naudsynt kapasitet og kompetanse, samtidig som omfanget av arbeid på dette fagområdet aukar. Det siste vil gje teknisk rom for å auka fagkunnskapen på området, noko som igjen vil gje ei betre og tryggare drift av vassverka.

I denne samanheng må det nemnast at Mattilsynet har fokus på at vassverka dokumenterer det me har av fagkompetanse, og vil nok passa på at det er tilstrekkeleg kompetanse tilgjengeleg hos vassverka.

**Ser ein på samla situasjon for teknisk drift, vil ei eventuell redusert arbeidsmengde på vegsektoren kunna sjåast i samanheng med samarbeid med eitt eller fleire av fellesvassverka og auka arbeidsmengde på det området.**

#### **3. Ombygging av deler av FBBS frå sjukeheimsplassar til omsorgsbustader: Kor mange plassar kan vi få? Kva investeringar krevst?**

Teknisk drift har sett på ombygging av FBBS, drøfta det med einingsleiar for FBBS og hatt samtale med Husbanken. Vi har rekna pris på ombygging basert på erfaringstal frå Eikhovdaheimen.

#### **KONKLUSJON:**

- FBBS må ha ein fløy som den er (den mot sør) - 10 rom.
- Dei to andre fløyane har 19 enkeltrom og 2 dobbeltrom. Desse kan byggjast om til inntil 12 omsorgsbustadar kvar på litt over 40 m<sup>2</sup>.
- Husbanken opplyser at det kan byggjast så små einingar når det er nok fellesareal elles.
- Kostnad med ombygging av to fløyar vert ut frå erfaringstal frå Eikhovdaheimen ca. kr. 11 mill.
- Ein kan rekna med ca. 30 % av kostnaden i tilskot.

17.9.12

Øystein Havsgård

Einingsleiar Teknisk drift